Årdal kommune
Byggesak/prosjekt

Artec As
Damsgårdsveien 135
5160 Laksevåg

Vår ref.	Dykkar ref.	Sakshandsamar	Direktenr	Arkiv	Dato:
25/240-10	f7676e39-bb52-4d16-831b-57feff677cf3	Mona Fykse	45977853	K2-L42, GNR BNR-18/101	27.02.2026

Delegert vedtak 26/007 - Løyve til å montere solcellepanel på eksisterande bygningsmasse på gnr 18 bnr 101, Farnesvegen 32, 6884 Øvre Årdal

Tiltak:	Montering av solceller på tak
Byggjestad:	Gbnr: 18/101 Farnesvegen 32, 6884 Øvre Årdal
Tiltakshavar:	Vestland fylkeskommune Askedalen 2 6863 Leikanger
Ansvarleg søkjar:	Artec AS Damsgårdsveien 135 5160 Laksevåg

Vedtak

Årdal kommune godkjenner søknad om rammeløyve.

Løyvet omfattar: montering av solcellepanel på tak på eksisterande bygningsmasse ved Årdal vidaregåande skule.

Storleik på tiltaket:
Totalt 220 stk. solcellepanel.

Rammeløyve gjev ikkje tilgang til å setje i gang arbeid på byggjeplass. Igangsetjingsløyve vert gjeve når fullstendig søknad etter pbl § 21-2 femte ledd er innsendt og underlagt nødvendig kontroll. Søknad om igangsetjing må innehalde:

- dokumentasjon på at vilkåra i dette løyve er ivareteke
- samtykke frå arbeidstilsynet/andre offentlege myndigheiter, jf. SAK10 § 6-2.
- eventuelle reviderte teikningar
- revidert gjennomføringsplan

Plan- og bygningsmyndigheitene har med dette løyvet ikkje teke stilling til eventuelle privatrettslege forhold som byggesaka kan vere i konflikt med.

Saksopplysningar

Det er søkt om å montere totalt 220 solcellepanel på eksisterande tak. Solcellene er planlagde plasserte systematisk og ryddig på tilgjengeleg areal på takflatene. Den gjennomgåande ned tona svarte fargen på taket vil bidra til å skape minst mogleg visuell støy på takflatene sett i fugleperspektiv. Solcellene er planlagde plasserte 2,0 meter inntrukne frå gesims og vil difor ikkje vere synlege frå bakkeplan.
Sjølve solcellene er planlagde monterte direkte på taket med festesystem som vert innarbeidd i taktekkinga. Festesystemet vil bidra til å gjere det enkelt å utføre framtidig vedlikehald, reinhald og utskifting av solceller ved behov.

Erklærte ansvar i tiltaket jf. pbl §§20-3, 23-1 og 23-3

Føretak	Funksjon	Datert	Tiltakskl.	Journaldato
Artec AS Artec AS	SØK Heile tiltaket PRO Ansvar jf. søknad	05.12.2025	TK. 2 TK. 2	05.12.2025

Teikningsdokumentasjon

Løyvet er basert på teikningar med journaldato 04.11.2025

Plangrunnlag

Eigedomen er omfatta av kommuneplanens arealdel, planid. 1424-2011003.

Dispensasjonar

Det er søkt dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg med heimel i plan- og bygningslova § 19-1. Denne er handsama i formannskapsmøte 05.02.2026 i sak 010/26 som følgjer vedlagt.

Nabotilhøve og andre kommentarar

Det er gjennomført nabovarsling i samsvar med vilkåra i plan- og bygningsloven § 21-3, og det er registrert merknadar frå Løkjane II Borettslag. Merknadane går på at tiltaket berre omfattar montering av solcellepanel på tak, og at det ikkje inneberer tilbygg eller påbygg som endrar byggets volum.

Visuell utforming

Tiltaket innehar etter plan- og bygningsmyndigheitene sitt skjønn gode visuelle kvalitetar i forhold til tiltakets funksjon og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. plan- og bygningslova § 29-2.

Tryggleik mot fare

Tomta er ikkje utsett for skred- eller flaumfare jf. Skredatlaset til NVE.

Forholdet til utvalde naturtypar

Saka er vurdert etter § 8 i naturmangfaldlova. Det finns ikkje registreringar av utvalde naturtypar, prioriterte artar eller raudlisteartar på tomta. Det er ikkje komme fram opplysningar i saka som kan tyde på at det kan vere artar der som ikkje ligg i basen. Det er

heller ikkje grunn til å tru at tilleggsregistreringar vil føre til ny kunnskap om dette. Kravet i § 8 blir dermed vurdert som oppfylt, og i og med at naturmangfald i liten grad blir berørt av løyvet og at det ikkje kan påvisast effekt av tiltaket på verdifull natur legger kommunen til grunn at det ikkje er naudsynt å gjere vurderingar etter dei andre miljøprinsippa i naturmangfaldlova §§ 9-12.

Føresetnader med heimel i lovverket

- Er tiltaket ikkje sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld om tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. pbl § 21-9.
- Skifte av tiltakshavar under gjennomføringa skal straks meldast til kommunen både av den opphavlege og den nye tiltakshavaren, jf. pbl § 23-2.

Gebyr

Type	Merknad	Pris	Mengde	Beløp	Mottakar
Rammeløyve, tiltaksklasse 2	Handsamingsgebyr	22.400,-	1	22.400,-	Vestland fylkeskommune
Dispensasjon for avstand til veg	Politisk handsaming	9.660,-	1	9.660,-	Vestland fylkeskommune

Faktura for sakshandsamingsgebyr vert sendt tiltakshavar.

Klage

Vedtak etter plan- og bygningslova er enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova og kan difor klagast på av søkjar, i tillegg til protesterande naboar, tverrbuar og andre med rettsleg klageinteresse. Protesterande partar er pr. d.d. orientert om løyve, med kopi av dette vedtaket. Ein slik klage kan føra til at avgjerda blir omgjort. Bygningsmyndigheitene er ikkje ansvarlege for tap som tiltakshavar vil kunne få ved ei slik omgjering.

Vedtaket kan klagast på til kommunens klageorgan som er Statsforvaltaren i Vestland. Skriftleg klage må leverast innan 3 veker etter at dette vedtaket er motteke. Klagen skal sendes til kommunen. Klagen skal vere grunngjeven og klagar må spesifisere kva det klagast over og kva endringar klagar ynskjer. Dersom du klagar så seint at det kan vere uklårt om klagefristen er utgått, ber vi om at du gjev opp når vedtaket kom fram. Sakshandsamar kan gje rettleiing om framgangsmåten ved klagen.

Med helsing

Mona Fykse
Byggesakshandsamar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Sogn Brann Og Redning Postboks 153 6851 Sogndal
Iks

Vedlegg
Vedtaksbrev - Søknad om dispensasjon på gnr 18 bnr 101, Farnesvegen 32, Årdal VGS